



Innkalling til Formannskapet

Møtedato: 26.08.2015
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09:00

Formannschaftsmedlemmene vert med dette kalla inn til møtet. Den som har lovleg forfall, eller er ugild i nokon av sakene, må melde frå så snart råd er, tlf. 56171000, slik at varamedlem vert innkalla.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Dokument som ikkje er tilsende, kan du få kopi av på dokumentsenteret. Dokument som ikkje er offentlege, vil bli utlevert i møtet. Dersom medlemmene på førehand ynskjer å gjera seg kjend med innhaldet i desse dokumenta, er dei tilgjengeleg på dokumentsenteret.

Formannskapet får besøk av økonomidirektør Ketil Ragnhildstveit og styrar Hilde Hagenes Christensen frå Betanien rehabilitering og sykehjem. Dei vil presentere sjukeheimen i Alfaz de pi.

Sakliste

Saknr	Tittel
90/2015	Godkjenning av innkalling og sakliste
91/2015	Godkjenning av møtebok
92/2015	Referatsaker
93/2015	Aktuelle saker
94/2015	Orientering av rådmannen
95/2015	Orientering om status kommunestruktur
96/2015	Økonomisk rapportering juli 2015
97/2015	Framlegg til endringar i takseringsreglar i samband med eigedomsskatt på verk og bruk
98/2015	Mogeleg samarbeidsmodell for framtidens brann og redningsteneste i bergensregionen
99/2015	Land of Solheim, Meland 2016
100/2015	Høyring, Regional areal- og transportplan for Bergensområdet
101/2015	Utbygging Sagstad og Grasdalen
102/2015	Sal av kommunale eigedomar
103/2015	Vedlikehald av taket på Meieribygningen, Frekhaug
104/2015	Feilretting i kommuneplanen sin arealdel, kart og føresegner

3. mars 2016

Nils Marton Aadland
ordfører

Randi Helene Hilland
sekretær

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 033	15/2007

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
90/2015	Formannskapet	PS	26.08.2015

Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 033	15/2007

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
91/2015	Formannskapet	PS	26.08.2015

Godkjenning av møtebok frå møte 24.06.15

Vedlegg:

Protokoll - Formannskapet - 24.06.2015

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Møtebok frå møte 24.06.15 vert godkjent.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Randi Helene Hilland	FE - 033	15/2007

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
92/2015	Formannskapet	PS	26.08.2015

Referatsaker

Underliggende saker:

Saksnummer	Tittel
92/2015.1	Skatt på eige og inntekt per 31. mai 2015

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Meldinga vert teken til orientering.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Nils Marton Aadland	FE - 033	15/2007

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
93/2015	Formannskapet	PS	26.08.2015

Aktuelle saker

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 033	15/2007

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
94/2015	Formannskapet	PS	26.08.2015

Orientering av rådmannen

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek orienteringane til etterretning.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FE - 033	15/2007

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
95/2015	Formannskapet	PS	26.08.2015

Orientering om status kommunestruktur

Saksopplysningar:

Framlegg til vedtak:

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 210	15/2209

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
96/2015	Formannskapet	PS	26.08.2015

Økonomisk rapportering juli 2015

Vedlegg:

Vedlegg 2 - Rapport investeringer pr juli 2015

Vedlegg 1-Status regnsk-bud drift pr juli 2015

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Rådmann skal kvar månad legge fram rapport som syner budsjettstatus.

Vedlagt følgjer rapportering pr 31. juli 2015.

Det er ikkje laga rapport for juni grunna ferieavvikling. Rapport pr 31. mai 2015 vart etterfølgd av sak om budsjettrevisjon, handsama i formannskapet 24. juni og til behandling i kommunestyret 9. sept. Vi må difor i denne rapporten samanlikne rekneskapen med opprinneleg budsjett, då budsjettendringane formelt ikkje er vedteke.

Det overordna bilete er at vi på dei aller fleste tenesteområda ser ut til å komme ut innanfor tildelte budsjetttrammer. Framlegg til budsjettendringar kjem som følgje av eit netto meirforbruk på kr 1.850.000,- rapportert pr mai:

1. Skatt og rammetilskot

Vi får lågare skatteinntekter og skatteutjammingsmidlar enn budsjettert, i hovudsak som følgje av nasjonal nedgong i skatteinntekter, men og lågare innbyggjartal per 31.12.2014 enn budsjettert. Regjeringa har kompensert for deler av dette gjennom auka rammetilskot, men vi kjem i sum ut ca kr 700.000,- lågare i sum skatt og rammetilskot.

2. Vestbygd skule

Det er trong for å styrke bemanninga ved skulen frå hausten 2015. Noko av dette vert dekke inn med overføring av ressursar frå andre skular, men netto reknar dei med å komme ut med meirforbruk på ca kr 400.000,- for året totalt.

3. Husleigeinntektene på PUK

Desse er budsjettert for høgt, og tenesteområde melder forventa avvik på kr 750.000,- som dei ikkje kan dekke innanfor ramma.

I rapporten for juli ventar vi dei same avvika. I tillegg kjem usikkerhet om ramma i barnevernet vil halde grunna fleire større saker som er kome opp, og meirforbruket er førebels estimert til kr 600.000,-. Vi vil sjå an status per 31. august før vi konkluderer på korleis dette skal dekkjast inn. Mellom anna ser vi av rapportering per juli at Plan, Utbygging og kommunalteknikk ligg noko betre ann enn i rapporten pr mai, og dermed i forhold til budsjettendringvedtaket i formannskapet.

Rapport over driftsinvesteringar og investeringar innan VA følgjer også vedlagt.

Denne viser at påløpte investeringskostnader pr 31.07.2015 er på totalt kr 15,25 mill (sjå kolonna Rekneskap 2015 hittil). Av dette er kr 9,1 mill ordinære driftsinvesteringar og kr 6,1 mill investeringar innan Vassverk og Avlaup. Budsjettet er totalt kr 91,6 mill (inkl. Startlån), 55,5 mill for ordinære investeringar og kr 36,1 mill for VA-prosjekter. I rapporten er det brukt budsjett slik det er etter vedtaket i formannskapet 24. juni om budsjettjusteringer der totalbudsjettet vert redusert ned til kr 76,9 mill, sjølv om dette ennå ikkje er endeleg handsama i kommunestyret.

Årsaken til at vi ikkje har mykje påløpt er først og fremst at store postar når det gjeld tilbygg på skulane fortsatt er under prosjektering og planlegging. Det same gjeld større VA-prosjekt som Vassleidning Ådlandsvågen – Landsvik og Fløksand – Beitingen.

Prosjekt Sanering Markavegen er det prosjektet i perioden som ein har hatt størst utfordringar med, og ein god del tilleggsarbeid har vore naudsynt å gjennomføre, sjå kommentaren i vedlagte prosjektoversyn. Totalt reknar vi med meirkostnad på prosjektet på kr 1,1 mill i forhold til opprinneleg budsjett, slik at prosjektet får ein totalkostnad på kr 4,1 mill. i 2015 er prognose og revidert budsjett kr 2,5 mill. Dette er som meldt i førre rapport pr mai 2015.

Framlegg til vedtak:

Budsjett rapport pr 31. juli 2015 vert teken til vitande.

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Per Inge Olsen	FE - 232	15/1992

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
97/2015	Formannskapet	PS	26.08.2015

Framlegg til endringar i takseringsreglar i samband med eigedomsskatt på verk og bruk

Vedlegg:

FIN høringsnotat 18.06.2015

Spørreskjema eiendomsskatteinntekter fra verk og bruk

Eigedomsskattelova

KSEposten_5_2015

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I samband med høringsnotat frå Finansdepartementet 18. juni 2015 vedr. forslag om endring i takseringsreglane for eigedomsskatt frå verk og bruk, er Meland kommune invitert til å gje ei høyringsfråsegn. Denne saka vert fremja for å gje ei slik fråsegn. KS Eigedomsskatteforum (KSE) har og høve til å gje ei slik fråsegn på vegne av kommunane og har i samband med dette sendt ein førespurnad til samtlege kommunar og bede dei analysere dei inntektsmessige konsekvensane av ei slik omlegging.

Dei føreslåtte endringane vil i hovudsak råka skatteinntekter frå verk og bruk der maskinar og produksjonsutstyr er vorte taksert særskilt. I tillegg vil forslaget og råka skatteinntekter frå infrastruktur knytt til kraftproduksjon og telekommunikasjon, samt vindkraftanlegg (vasskraftverk er særskilt regulert gjennom eigedomsskattelova § 8 B) og prosessanlegg for petrokjemi. Bygg og grunn på slike anlegg vil dog fortsatt vera skattepliktige. Meland kommune gav sitt svar til KSE i slutten av juli, etter å ha gått gjennom dei 25 (ut av 114) største skattytarane, samt dei avtalane som vart omfatta av endringane vedr. infrastruktur som til saman utgjør kring 92% av eigedomsskatteinntektene på verk og bruk, noko som er eit meir enn adekvat grunnlag for ein analyse. Av analysen kjem det fram at dei føreslåtte endringane vil leia til ein reduksjon i inntektene frå verk og bruk på kr 1 623 000,- ut av kr 5 248 000,-. Av kalkulert reduksjon som følgje av framlegget på kr 1 623 000,- utgjør fråfallet av inntekter frå kraftlinjer og anlegg knytta til kraftproduksjon kr 1 087 000,-, medan maskinar og produksjonsutstyr utgjør kr 421 000,- og annan infrastruktur kr 124 000,-. Sjå vedlagte oppsummering av konsekvensar ved endring.

Dei føreslåtte endringane er meint å gje meir føreseielege vilkår for både kommunar og dei som er skattepliktige. Det er skissert to moglege alternativ til dagens eigedomsskattelov:

Alternativ 1

§ 4 andre ledd fjerde punktum skal lyda:

Produksjonsutstyr og -installasjonar skal ikkje reknast med.

Dagens lovtekst er lik, men gjer eit unntak for ting som er ein del av sjølve føretaket, noko som i dag medfører skjønsmessig vurdering av kor integrerte evt. arbeidsmaskinar mv. er i eit føretak. Dette ser me tydeleg i Meland der nesten samtlege eigedomsskattesaker der produksjonsutstyr er teke med i takstgrunnlaget er vortne påklaga av det aktuelle føretaket. I følgje høyringsnotatet må det i begrepet installasjonar skiljast mellom og gjerast avgrensningar mot utstyr som er naudsynt for at bygget skal vera funksjonelt som td. ventilasjon, belysning osv. Utstyr som bidreg til produksjon, uansett grad av integrasjon, vil vera unnateke eigedomsbeskatning. I korte trekk tyder det at utstyr som tener bygget skal vera med i takstgrunnlaget, medan anna utstyr vert unnateke.

Alternativ 2

Verk og bruk vert fjerna som eigen kategori i eigedomsskatten og vert beskatta som vanleg næringsseigedom.

Dette alternativet medfører ei større omskriving av eigedomsskattelova enn alternativ 1. I og med at verk og bruk opphøyrer som eigen kategori er følgjande endringar i eigedomsskattelova føreslegne:

§ 3 fyrste ledd bokstav c skal lyda:

berre på kraftverk i heile kommunen, eller

§ 3 fyrste ledd bokstav d skal lyda:

berre på næringsseigedom i heile kommunen, eller

§ 3 fyrste ledd bokstav g skal lyda:

faste eigedomar i heile kommunen, unnateke næringsseigedom.

I eigedomsskattelova definerar § 3 objektkategoriar som kan beskattast. Desse endringane tek føre seg dei bokstavane der verk og bruk er nemnde som spesifikke objekt og difor må omskrivast.

§ 4 andre ledd fyrste til tredje punktum skal lyda:

Til faste eigedomar vert rekna bygningar og tomt som høyrer til, huslause grunnstykke som hagar, lykkjer, vassfall, laste -, opplags- eller arbeidstomter, bryggjer og liknande og likeins næringsseigedom. Til næringsseigedom vert m.a. rekna fabrikkar, sagbruk, industrielle verk, steinbrot, losse- og lasteplassar og liknande arbeids- og driftsstader samt kontorlokale, butikk, hotell og serveringsstad mv. Produksjonsutstyr og –installasjonar skal ikkje reknast med.

Alle referansar til verk og bruk er fjerna, samstundes som typane av næringsseigedom er oppdatert for å reflektera meir moderne tider (bla. er møller ikkje lenger nemnde).

§ 4 andre ledd fjerde og femte punktum vert oppheva.

Sidan produksjonsutstyr ikkje lenger skal takast med i skattegrunnlaget, vert dei ovannemnde setningane overflødige.

§ 4 tredje ledd fyrste punktum skal lyda:

Flytande anlegg i sjø for oppdrett av fisk, skjell, skalldyr og andre marine artar vert jamnstelt med næringsseigedom i andre leden, når anlegget har vore stasjonert i kommunen i over 6 månader i året før skatteåret.

Endra verk og bruk til næringsseigedom, resten av leden består.

§ 8 A-2 fyrste ledd nytt andre punktum skal lyda:

Verdet av næringsseigedom kan setjast til teknisk verdi når det ikkje er mogleg eller formålstenleg å fastsetje verdet på annan måte.

Dette er eit addendum til ovannemnde paragraf, som opnar opp for endå ein verdsetjingsmetode, i tillegg til forventa salsverdi og substansverdiberekning, i dei tilfeller der det vil vera vanskeleg å koma fram til ein forventa salsverdi og der substansverdiberekning vil gje ein kunstig høg verdi, noko denne metoden har fått kritikk for.

§ 8 A-2 andre ledd vert oppheva.

Sidan produksjonsutstyr ikkje lenger skal takast med i vurderinga, vert dette leddet overflødig.

§ 12 bokstav e vert oppheva.

Denne bokstaven refererer til verk og bruk "som ikkje er utbygd på byvis". Sidan verk og bruk vil opphøyra som kategori, vil denne bokstaven vera overflødig.

Alternativ 2 utgjer, som tidlegare nemnt, ei meir omfattande endring av eigedomsskattelova enn alternativ 1. Dette då verk og bruk er føreslege fjerna som begrep i alternativ 2. Verk og bruk skal i staden reknast som næringsseigedom. Ut av 114 inntektsgjevande eigedomar som fell under kategorien «næringsseigedom, verk og bruk» i Meland kommune er 33 klassifisert som verk og bruk. Sidan samtlege verk og bruk må omtakserast frå sin noverande kategori og over til næringsseigedom, der verdien i dag vert berekna utfrå forrentning, er det venta at dette vil medføre ein auka kostnad for Meland kommune (KSE nyttar 5000,- per taksering som utgangspunkt). Det vil i tillegg og oppstå ein inntektseffekt, som i skrivande stund ikkje er avklart i sin heilskap. §8 A-2, fyrste ledd andre punktum opnar dog opp for alternative taksberekningsmetodar der det ikkje formålstenleg eller mogleg å nytta salsverdi eller substansverdiberekning.

Vurdering

Inntektsreduksjonen knytt til dei føreslåtte endringane utgjer ein ikkje ubetydeleg del av inntektene frå verk og bruk (om lag 30%). Hovudparten av denne reduksjonen skuldast dog fråfall av inntekter frå beskatning på infrastruktur levert av BKK, som Meland kommune er deleigar av til liks med fleire andre kommunar som og skriv ut eigedomsskatt. Reduksjon i eigedomsskatten vil leia til tilsvarende resultatforbetring for BKK, og eigarane kan vurdere å krevja auka utbytte for å kompensera for dette. Rådmannen vil likevel ikkje i denne saka ta omsyn til denne framgangsmåten for å kompensera for tapte inntekter.

Kr 1 623 000 utgjer eit betydeleg inntektstap for Meland kommune. Rådmann finn det vanskeleg å konkludera med framlegg i denne saken, då den vedrører overordna politiske spørsmål om prinsipp og grunnlag for eigedomsskatt. Rådmann meiner likevel det vil vera eit stort tap for kommune-Noreg å mista høvet til å skattleggja kraftlinjer og anlegg knytta til kraftproduksjon, då denne type anlegg ofte utgjer store inngrep i naturen i berørte områder, og at kommunal eigedomsskatt på slike anlegg er ein god måte for lokalsamfunnet å få noko att for desse inngrepa.

Eigedomsskatt på produksjonsutstyr råkar gjerne einskildbedrifter hardt, og det er gjerne slik at verksemdar som investerer i utstyr og er dei som har mange arbeidsplassar. Det kan såleis vera positivt for oppretthalding av kapitalintensive verksemdar at dei slepp eigedomsskatt på produksjonsutstyret. For Meland kommune utgjer dette mindre enn 10 % av den totale eigedomsskatten på verk og bruk (kr 420 000,- av kr 5.248 000,-). For mellom anna Lindås og Austrheim kommunar der det er store industrianlegg ser vi at effekten av framlegget vert svært stor, og det kan derfor vera grunn til å vera i mot endringane også på produksjonsutstyr når me ser konsekvensen for nabokommunane av framlegget om endringar på dette området.

Konklusjon

Rådmann meiner at det er akseptabelt og forståeleg at dei føreslåtte endringane vil leggja opp til ei meir føreseieleg vurdering av verk og bruk. For Meland kommune vil konsekvensane av å unndra produksjonsmateriell og installasjonar ved industrianlegg frå beskatning vera begrensa. Det hadde dog vore ynskjeleg å hatt høve til å beskatta alle typar kraftproduksjon, samt anlegg og installasjonar knytta til slik produksjon, då kraftproduksjon ofte fører med seg større inngrep i naturen, uavhengig av krafttypen. Slik forslaget står no vil det i framtida kun vera mogleg å skattleggja vasskraftverk samt tomtene m/bygg andre typar kraftverk står på.

Rådmann meiner difor at endringane i noverande drakt ikkje er formålstenlege og vil gjere framlegg om ikkje å støtte framlegget om endring i takseringsreglane for eigedomskatt slik dei er foreslått i høyringsbrev og høyringsnotat av 18. juni 2015.

Framlegg til vedtak:

«Meland kommune går i mot framlegg til endring i takseringsreglane for eigedomskatt slik dei er foreslått i høyringsbrev og høyringsnotat av 18. juni 2015.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ingvild Hjelmtveit	FA - M82	15/1591

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
98/2015	Formannskapet	PS	26.08.2015
	Kommunestyret	PS	

Mogeleg samarbeidsmodell for framtidens brann og redningsteneste i bergensregionen

Vedlegg:

Mulighetsstudiet Mulig samarbeidsmodell for fremtidens brann- og redningstjeneste i bergensregionen

Følgeskriv

Rapport - Mulighetsstudiet til Bergensalliansen

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Meland kommune har fått oversendt rapporten Mulighetsstudiet: «Mulig samarbeidsmodell for fremtidens brann- og redningstjeneste i bergensregionen». Rapporten er utarbeidd av Bergensalliansen.

Studiet har vore gjennomført av ei prosjektgruppe med prosjektleiar frå sekretariat for Bergensalliansen og med ekstern bistand til prosessleiing for planlegging, gjennomføring og utarbeiding av rapport for studiet.

Som føringar og mandat for arbeidet har det lagt at brann- og redningstenesta må organiserast slik at det sikrar fleksibilitet, eit fagmiljø med høg kompetanse, effektiv leiing og drift, samt svare på behovet for auka spesialisering og å halde oppe naudsynt kompetanse knytt til beredskap.

Bergensalliansen ynskjer seg ei brann- og redningsteneste som vert sett i stand til å handtere risikobilete i regionen, utfordringane vi står ovanfor i framtida, og ei organisering som gir innbyggjarane best mogeleg teneste, uavhengig av kommunegrensar.

Målet med prosjektet har vore å utarbeide ein rapport som ser på ulike samarbeidsmodellar og å tilrå modell for samarbeid. Rapporten skal nyttast som saksunderlag for fremje sak til politisk handsaming i kommunane som er med i Bergensalliansen.

Gjennom føringar frå styringsgruppa, og referansegruppene for brannsjefar og rådmenn er det klare signal om at det på noverande tidspunkt ikkje er realistisk å få tilslutnad til å starte ein prosess for etablering av eit interkommunalt selskap (IKS) for felles brann og redningsteneste i regionen.

Styrings- og referansegruppene peikar på at eit samarbeid mellom sjølvstendige brann- og redningstenester er den samarbeidsmodellen som det er realistisk å etablere på noverande tidspunkt. Dette betyr ein samarbeidsmodell der nokre kommunar har sjølvstendig brann- og redningsteneste, medan andre kommunar samarbeider om denne tenesta (Sotra Brannven IKS, Lindås og Meland brann og redning, Odda og Ullensvang brann og redning). Det er eit krav at den samarbeidsmodellen ein vel må vere fleksibel og leggje til rette for vidareutvikling av eksisterande, og etablering av nye samarbeid om brann- og redningsteneste i regionen.

Ein samarbeidsmodell som er basert på samarbeid mellom sjølvstendige brann- og redningstenester kan være mindre arbeidskrevjande enn etablering av eit interkommunalt selskap.

Referansegruppene har gjennom arbeidet med mulighetsstudien identifisert ei rekkje område der eit samarbeid kan vere med på å utvikle brann- og redningstenesta på ein måte som gir regionen ei best mogeleg teneste for innbyggjarane. Den tilrådde modellen for samarbeid må kunne koordinere, prioritere og følge opp etablering og vidareutvikling av dei oppgåvene som vert lagt til samarbeidet.

Prosjektgruppa si tilråding er at det vert etablert eit samarbeid som byggjer på dei samarbeidsområda som er identifisert av referansegruppa for brannsjefar. Desse områda er:

- Etablere ein brannfagleg arena for regionen
- Regional ROS-analyse som grunnlag for samla beredskap
- Etablere samla oversyn over utstyr, kompetanse og kapasitet
- Standardisering av utstyr gjennom felles spesifikasjonar og innkjøpsamarbeid
- Bygge kompetanse gjennom felles opplæring, kurs og øvingar
- Spesialisering av tenester, døme på dette er tungbilredning og sjøredning
- Samarbeid om førebyggjande arbeid
- Samarbeid om beredskap, felles utstyr, kompetanse og kapasitet for handtering og handheving av hendingar som den einskilde brann- og redningsteneste ikkje kan dimensjonere for å handtere
- Etablering av einskapleg leiingssystem (ELS) for heile regionen
- Samarbeid om ulike systemverktøy t.d krisehandteringsverktøyet (CIM)

Gjennom arbeidet med mulighetsstudien har styringsgruppa presisert sine føringar:

- Mulighetsstudien skal tilrå ein samarbeidsmodell
- Modellen skal:
- Ta i vare lokal styring av brannordning, beredskapsnivå og økonomi
- Vere fleksibel med tanke på deltaking frå kommunane
- Vere fleksibel med tanke på pågåande prosessar (kommunereform, politireform mfl.)
- Vere realistisk å etablere
- Bygge opp under Brannstudien DSB «kriterier for utvikling av brann- og redningstenesten»

Vurdering

Vi har ei god og solid brann- og redningsteneste i Lindås og Meland. Samstundes er det alltid ting å vinne på å samarbeide tett med andre brann- og redningstenester. Det bør vere eit mål at eit samarbeid på dei primissar prosjektgruppa her legg opp til skal ha eit effektiviseringspotensiale, td i form at betre prisar ved innkjøp og betre og billigare kurs og opplæringsøkter. Om vi i tillegg kan få til eit betre samarbeid når det skjer større ulukker og kriser, vil det styrkje tryggleiken for innbyggjarane i regionen.

Eit godt samarbeid kjem ikkje av seg sjølv, gode intensjonar er ikkje nok. Samarbeidet må baserast på vilje samt gjensidig respekt og forståing. Det må investerast tid og ressursar for å få dette til å fungere. Rådmann har vore noko i tvil om det er naudsynt å formalisere eit samarbeid med eige styre etter Kommuneleva § 27, og plassering av oppgåver i samarbeidet i ein vertskommune etter Kommuneleva § 28. og har likevel kome til at det truleg er naudsynt å formalisere samarbeidet mellom så mange kommunar, dersom ein skal få effektar av det.

Selskapsmodell og formell organisering er berre ei ytre ramme, men ingen garanti for eit godt samarbeid. Mange gode samarbeidsprosjekt har og stranda på ei usemje om økonomi og kostnadsfordeling. Alle er positiv til samarbeid så lenge dei tener på det. Den dagen kostnadane skal fordelast er stemminga lit annleis. Diverre har vi ein del døme på dette i Nordhordland. Alle kommunar har knappe budsjetttrammer og kvar ny utgiftspost betyr ei utfordring. Men samstundes får vi heler ikkje til noko om vi ikkje tar oss tid og råd til å satse. Målet må vere at gevinsten skal bli større enn innsatsen. Det ligg etter rådmann si vurdering eit godt potensiale for gevinst og effektivisering i dei skisserte oppgåvene som kjem fram i mulighetsstudiet. Utfordringa er å realisere gevinstane.

Det er lov å håpe på at eit meir formalisert samarbeid mellom ulike brann og redningstenester i bergensregionen skal føre til gevinst for alle kommunar som deltek. Gevinst både i form av lågare kostnader, men og i form av ei betre teneste. Meirkostnadene til drift av sekretariat og vertskommuneoppgåver bør kunne dekkjast inn ved å ta ut gevinstar på dei effektiviseringsområda som er peikt på i rapporten.

Folkehelse: Ikkje relevant i denne saka

Miljø: Meir effektive innkjøp og samarbeid om utstyr kan ha ein miljøgevinst

Økonomi: Etablering av eit formalisert samarbeid med sekretariat og vertskommune vil medføre kostnader. Det er ikkje sagt noko om kostnad og modell for kostnadsfordeling.

Konklusjon

Prosjektgruppa rår til at det vert etablert eit prosjekt i regi av Bergensalliansen som får i oppgåve å utarbeide eit grunnlag for etablering av eit samarbeid kring brann- og redningstenesta etter den samarbeidsmodellen som er tilrådd i dette mulighetsstudiet. Dette inneber at naudsynte utgreiingar knytt til oppgåver og økonomi, utarbeiding av samarbeidsavtale og vedtekter for samarbeidet.

Framlegg til vedtak:

«Meland kommune stiller seg positive til tettare samarbeid innan brann- og redningstenesta i bergensregionen mellom sjølvstendige brann- og redningstenester.

Meland kommune er positive til at det vert sett i gang eit prosjekt for nærare utgreiingar og avklaringar knytt til samarbeidsavtale mellom kommunane, inkludert oppgåver og økonomi som grunnlag for samarbeidsavtale.

Endeleg samarbeidsavtale skal godkjennast av kommunestyret.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Bente Bing Kleiva	FA - C20	15/558

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
99/2015	Formannskapet	PS	26.08.2015

Land of Solheim, Meland 2016

Vedlegg:

Land of Solheim- søknad Meland kommune

Land of Solheim- en reise gjennom Norge - søknad om kommunal medvirkning

Prosjekt Land of Solheim - reisen gjennom Norge. LET turner

Notat_Meland_Kommune_LET_2016

Saksopplysningar:

Bakgrunn : Meland kommune har mottatte søknad frå Norges Golf forbund om å vere medarrangør og bidragsytar til «Land of Solheim – en reise gjennom Norge» . Det er intensjonen til Norges Golf forbund å søkje om å få Solheim Cup til Noreg/Oslo i 2019. Fram til 2019 skal det kvart år frå 2016 til 2019 arrangerast Ladies European Tour (LET)-turneringar i fire delar av landet der Bergen/Meland er den første

Ladies European Tour (LET) er ei rekkje turneringar som fører fram til Solheim Cup som arrangerast annankvart år. Solheim Cup er ein turnering for kvinnelege profesjonelle golfspelalarar med lag frå USA og Europa. Solheim Cup vart i si tid initiert av Karstein Solheim frå Austrheim. Han emigrerte til USA der han bygde opp Karstein Manufacturing som produserar golfutstyr. Han arbeidde hardt for at kvinner skulle få sin eigen turnering og Solheim Cup vart gjennomført i 1990 for første gong.

Vurdering: Det er eit stort prosjekt Norges Golf forbund har teikna opp med mange involverte partar. Solheim Cup får stor merksemd i golfverda og i sportsmedia, her i Noreg særleg av di Suzann Pettersen har vore og er med på det europeiske laget. Ein LET-turnering vil få stor merksemd og vil sette Meland på kartet på ein heilt unik måte. Slike turneringar trekkjer mange menneske til arrangementa og med nærleiken til Bergen er det sannsynleg at mange vil besøke Meland. Meland Golfklubb reknar med at dette og vil føre til betre promotering av golf som idrett og vere med på å rekruttere nye spelalarar både lokalt og i omlandet. Sidan Solheim Cup er for kvinner vil golfklubbane i Hordaland bruke dette til å få opp talet på kvinner som spelar golf, det er eit uttalt mål for Norsk Golfklubb å auke denne delen av medlemmane frå 25% til 50%. I Hordaland er det 14 golfklubbar med 7923 aktive spelalarar, av desse er 1926 kvinner. Meland Golfklubb har ca 1250 medlemmar av desse er ca 290 kvinner. Perioden fram til LET-turneringen vil Meland Golfklubb, golfklubbar i Hordaland og Norsk Golf forbund bruke til å intensivere fokus på golf som idrett for alle, folkehelseperspektivet og det sosiale fellesskapet som skapast ved deltaking.

Presentasjon av Meland som kommune og medarrangør for «Land of Solheim – en reise gjennom Norge»: Solheim Cup vert overført på TV til mange land verda over, dette gjeld ikkje i like stor grad LET-turneringane, men andre tilsvarande arrangement viser at det vil vere med på å sette fokus på Meland og omlandet som turistdestinasjon og golfdestinasjon. Tenester som er knytt til store arrangement vil naturleg ha nytte av eit slikt arrangement. Turneringa vil gå over fem dagar, 160 golfspelalarar frå 42 land vil delta. Det er eit mål å få 4 – 5000 besøkjande i løpet av desse dagane.

Folkehelse: «Golf og helse i Hordaland» vil auka fokus på golf i ei helsefremjande samanheng gjennom samarbeid mellom klubb og kommune og gjere golf kjend som ein idrett/aktivitet som kan drivast av alle.

Miljø: Noko auka transport, men utanom dette vil det ikkje vere negative konsekvensar for miljøet.

Økonomi: Det er ikkje trong for investeringar i anlegg. Norges Golfforbund søker om totalt

kr. 300.000.-

kr.50.000 i støtte til finansiering av prosjektorganisasjonen og kr.250.000 til provisorier og arrangementer. Beløpa fordeler seg slik:

2015 kr. 25.000

2016 kr. 275.000

Tenesteområde kultur kan ikkje dekkje inn dette beløpet, til det er ramma arrangementstønad for liten. Dette er likevel ei viktig sak for Meland og ein unik anledning til å marknadsføre kommunen. Tiltaket bør difor prioriterast særskild med ein sum i budsjettet for 2016.

Konklusjon: Det er truleg at Meland kommune vil ha stor nytte av å vere medarrangør til «Land of Solheim – en reise gjennom Norge». Turneringa vil vere i vårt område i 2016, men fram til sjølve Solheim Cup er avvikla i 2019 vil kommunen vere ein del av det større arrangementet. Promotering av både idretten og Meland kommune som opplevelses destinasjon vil få eit betydeleg løft gjennom dette.

Framlegg til vedtak:

«Meland kommune støtter søknaden og vert med som medarrangør og bidragsytar til «Land of Solheim- en reise gjennom Norge». Det vert sett av midlar til arrangementet i budsjettet for 2016.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen		15/1894

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
100/2015	Formannskapet	PS	26.08.2015

Høyring, Regional areal- og transportplan for Bergensområdet

Vedlegg:

Høyring og offentlig ettersyn - Regional areal- og transportplan for Bergensområdet
Høyringsforslag_24_06_2015 - høyringsforslag juni 2015
Konsekvensutgreiing RATP

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Hordaland Fylkeskommune, Regionalavdelinga, har ved brev datert 23.06.2015 sendt framlegg til Regional areal- og transportplan for Bergensområdet på høyring. Høyringsfristen er 1. oktober 2015.

Planområdet omfattar Bergen og dei næraste kommunane: Radøy, Lindås, Meland, Askøy, Fjell, Øygarden, Sund, Os, Osterøy, Vaksdal og Samnanger.

Planen byggjer på eit planprogram som Fylkesutvalet vedtok i møte 29.08.2013. Formannskapet sin uttale til planprogrammet peikte på at det då vart lagt til rette for eit godt planarbeid, og at Meland ønskte ta del i prosessen med utarbeiding av planen. Jf Fs-sak 023/13, møte 20.03.13.

Fylkeskommunen har hatt ei rad andre planarbeid gåande dei siste åra: Regional plan for attraktive senter i Hordaland, Regional næringsplan for Hordaland, Strategi for innfartsparkering, Kollektivstrategi mm.

Regional areal- og transportplan for Bergensområde er i prinsippet det regionale dokumentet som i størst grad kan påvirke lokalsamfunnsutviklinga i kommunane. Det har derfor vore viktig å prioritere deltaking i planprosessen. Plan, utbygging og kommunalteknikk v/sectorsjef har teke del i faglege temagrupper for senterstruktur, bustad- og næringsareal, transport og natur, kulturmiljø og landskap. Rådmann har teke del i administrativ koordineringsgruppe i lag med øvrige rådmenn og leiarar frå ulike regionale fagområde. Ordførar har teke del i Styringsgruppa, i lag med øvrige ordførarar og politisk leiing i fylkeskommunen.

Engasjementet frå deltakarkommunane har variert, men det har i stor grad vore mogeleg å komme med innspel og merknader til planen. Meland kommune har, i alle fora, vore oppteken av at den regionale planen må ha ei positiv vinkling ved at ein skal legge til rette for vekst og utvikling – ikkje hindre, men styre. Vidare har det vore viktig å få fram at den regionale planen ikkje må bli for

detaljert, den må ikkje overta kommunane sitt ansvar for kommuneplanlegginga.

Planmaterialet har vore presentert i bolkar, og det er først gjennom høyringsutkastet at kommunen no får ei komplett framstilling.

Vurdering

Det går an å ha ulike tilnærmingar til eit planarbeid. Administrasjonen si oppfatning er at kommunen (kommunane?) ønskjer å bruke arealplan som eit verktøy for å leggje til rette for ei ønska utvikling. Det inneber m.a. å rydde vekk uønska hindringar, og styre aktiviteten i den retningen som er best for kommunen (innbyggjarane) og omgjevnadene (nabokommunar, region), no og i framtida. I dette ligg det mellom anna eit verdisyn, knytt til å verne om goder, miljø og kulturar og ta dette med inn i krystallkula. I planteori blir det kalla for berekraftig utvikling, miljøvenleg utvikling, klimavenleg utvikling osv. Vi har ei rad særlover og kartleggingar som hjelper oss til å gjere dei rette valga når kommuneplanen skal formast.

I prosessen knytt til den regionale areal- og transportplanen (heretter: ATP), har det vore interessant å oppleve ei litt anna tilnærming. Her er det tale om ei venta utvikling fordi prognosane seier det; det er lite eller ingenting sagt om kva grep Bergen og Bergensregionen skal ta i høve til vekst, rolle, posisjon...verken i høve til regionen eller til Vestlandskysten, Norge, Europa. Biletet som har festa seg i prosessen er at fordi prognosane tyder på vekst, må vi gjere det beste ut av det og hindre at veksten øydelegg for mykje. Framskrivning av no-situasjonen på visse vilkår.

Når høyringsframlegget no blir presentert samla, ser administrasjonen ein plan som har eit stort fokus på detaljar i kommuneplanane. Planen har fått ei vinkling som tyder på eit sterkt ønskje om å avskjære og avgrense kommuneplanlegginga. Administrasjonen meiner at ATP i større grad burde operert på eit overordna nivå, på tema som kommunane kvar for seg ikkje kan løyse. I dette tilfellet kollektivsatsing og transportnett. ATP burde også gjort det meir interessant for kommunane å ta sin del av ansvaret for berekraftig utvikling, ved å vise tillit til kommunane. Den raude tråden gjennom dei regionale planane er å halde kollektivsatsinga og transportnettet på eit relativt nøytralt nivå (sannsynlegvis på grunn av knapp økonomi) og heller avgrense arealplanlegginga i kommunane.

Det er likevel gjort ein del endringar og forbetringar i plandokumentet gjennom prosessen. Om ein ser vekk frå at ein manglar det verkeleg overordna grepet, inneheld planen mange gode overordna føringar. Det er t.d. lett å slutte seg til at hovudtyngden av utbygginga i regionen må vere samordna med hovudstrukturen i kollektivnett. Det er heller ikkje vanskeleg å vere einig i at ei langsiktig forvaltning av natur- og kulturverdiar er sentralt om ein skal tenkje berekraftig utvikling. Eller ein senterstruktur som er inndelt i fylkessenter (Bergen), regionsenter (Knarvik for vår del), kommunesenter, lokalsenter og nærsenter. Det er vidare naturleg å leggje til rette for gang- og sykkeltransport, og sikre grønstruktur og gode korridorar ut frå utbyggingsområda. I så måte er det gledeleg at Midtmarka er oppfatta å stette krava til lokalisering av nye utbyggingsområde.

Når det så gjeld kollektivnett, er det fylkeskommunen sjølv som heilt og fullt styrer tilbodet. Det er i så måte svært gledeleg at båtruta Knarvik – Frekhaug – Bergen endeleg er teken inn som eit element i den samla kollektivstrukturen.

På den andre sida inneber ikkje ATP særleg styrking av kollektivtilbodet, utover dagens rutenett. Det er noko sortering og systematisering, men det er ingen stor satsing på kollektivtransport. Det blir ingen betring av busstilbodet for Nordhordland. Det er få tankar om innfartsparkeringsplassar.

Planen inneheld så godt som ingen satsing på vegnettet. Det er ingen signal om tiltak for å motvirke manglande trafikksikring langs fylkesvegnettet. Det er alment kjent at utfordringane knytt til fylkesvegnettet er store; det er rikeleg med smale køyrevegar og manglande trafikksikring, der folk bur. Eller – folk skal ikkje bu ute i «distriktet» lenger?

ATP går langt i å styre utforming av kommuneplanane. Det er det største ankepunktet mot planen. Administrasjonen meiner det er svært problematisk at planen detaljerer kommuneplanane ved m.a. å kartfeste utbyggingsområda. Kartlegginga er til ei viss grad henta frå kommuneplanane. Det har vore overraskande å oppleve det sterke behovet for å samle innbyggjarane i nokre få, urbane punkt rundt Bergen, og berre der det frå før er ei viss kollektivsatsing. Dette mønsteret er sukra med omgrep som bærekraft, klimaomsyn, nullutslepp, nullvekst i biltrafikken, satsing på gang- og sykkeltransport, naturvern, omsyn til truga artar osb osb.

Det å berre plukke ut enkelte element frå kommuneplanane, fører til at heilskapen forsvinn. Det ligg mykje arbeid til grunn for kommuneplanen, det blir gjort ei heil mengde kartleggingar, vurderingar og balanseringar i prosessen som fører fram til endeleg plan. Det er noko lettvtint å velje ut nokre område – enten det er friluftsverdiar eller byggeområde – som får «vere med vidare», i ATP.

Det er naturleg å sentralisere hovudtyngden av utbygginga, men administrasjonen er svært skeptisk til at planen inneheld sterke motforestillingar mot at folk også skal kunne bu andre stader. Ønskje om eit variert bustadtilbod har ikkje fått gjennomslag når det kjem til stykke. Kystkulturen og bygdemiljøet er nedvurdert og vil på sikt dø ut, om planen blir ståande.

For Meland sin del er det berre opna for utbygging nær Frekhaug senter, nær Vikebø senter og på Midtmarka. Det er bekymringsfullt at det regionale nivået ikkje tek inn over seg at det skal mykje lokalkunnskap til for å skape gode utbyggingsområde, gode næringsområde, gode lokalsamfunn. Det er nødvendig med mykje lokal fagkunnskap om infrastruktur, sosiale samanhengar, lokal identitet, eigartilhøve, naturtilhøve, mikroklima, landskap, ferdselsårer, terreng, gjennomføringsevne osb. Ved å sjå vekk frå desse kvalitetane i plankompetansen, vil dei (gode) overordna føringane på sikt bli snudd til negative avskjeringar, og hindre vekst. Det er underleg at arealplanlegging kan framstillast såpass enkelt. ATP og tilhøyrande konsekvensutgreiing har fått eit svært smalt fokus, einsretta.

Grunngjevinga for planen har med bærekraft og miljø å gjere. Det er mange påstander om rekkefølge og konsekvensar, der særleg miljø- og naturverninteressene har fått sterkt gjennomslag. Det er svært mange andre faktorar som påverkar samfunnsutviklinga, men desse har fått liten eller ingen plass i ATP. Faktorar som kommunen tar inn i si arealplanlegging.

Det er elles mykje å kommentere i sjølve teksten. Nokre kapittel er vanskeleg å finne meining i pga ufullstendig språk. Det er noko uklart kvifor planen inneheld mykje faglitteratur om arealplanlegging. Mange fagområde er utelate. Det er elles ein del innebygde motsetningar i teksten. Det er ingen føresegner lenger, i staden er det ei rekkje retningslinjer. Retningslinjene inneheld elles ein del sjølvstegte formuleringar.

Slik planen til slutt er utforma, er administrasjonen usikker på kven sin plan dette eigentleg er. Sannsynlegvis er det embetsverket sin plan, sjølv om kommunane har vore invitert inn i prosessen. Retningslinjene skal leggjast til grunn for motsegner til kommunale arealplanar frå regionalt nivå. Innspela frå deltakarane i prosessen har i nokon grad fått betydning for dokumentet, men ikkje på vesentlege område. Det er høgst uklart kva planen er meint å løyse.

Administrasjonen er redd for at det kjem til å vere svært uinteressant å slå seg ned i kommunen i framtida, også i ein eventuell storkommune. Hindringane for vekst og utvikling er strenge og sterke.

Planen nemner ikkje i det heile kva for potensiale som fins i kommunane rundt Bergen: areal, landskap, attraksjonar, naturressursar, kultur, næringsaktivitet, reiseliv, friluftsliv, landbruk, økologisk drift, kortreist mat, personressursar, bumiljø, identitet, korte avstandar, frisk luft, for å nemne noko. Ein samla Bergensregion kunne blitt løfta fram som ei perle på Vestlandskysten, i Norge, i Europa, der vi kunne ønske fleire innbyggjarar velkomne til eit variert og spennande liv, i eit berekraftig perspektiv.

Konklusjon

Administrasjonen oppfattar at ATP ikkje er tilpassa den faktiske situasjonen i regionen vår. Vi har korkje avstandsproblem eller arealutfordringar. Vi har eit kollektivtrafikk- og transportproblem, som ATP (av økonomiske grunnar?) vil løyse ved å presse folk saman i urbane punkt medan resten av regionen blir avfolka og gror ned.

Planen bør omarbeidast til å stille opp overordna retningslinjer for kommunane si arealplanlegging, løyse utfordringane på regionale nivå, gå vekk frå detaljert arealplanlegging, styre i staden for å hindre. Ambisjonsnivået for berekraftig vekst og utvikling må bli høgare, i tillit til kommunane.

Detn tekstlege og språklege kvaliteten på plandokumentet må elles hevast.

Framlegg til vedtak:

«Formannskapet i Meland ber om at den regionale areal- og transportplanen for Bergensområdet blir omarbeidd som påpeika i saksutgreiinga her. Planframlegget går for langt i å planlegge arealbruken i kommunen, og det er gjort på eit spinkelt grunnlag. Dersom ein regional areal- og transportplan skal ha nokon verdi, må den tilrettelegge for vekst og utvikling, i eit berekraftig perspektiv. Det framlegget som no ligg føre stetter ikkje vilkåra for ei slik utvikling.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Berit M.Eskeland	FE - 610	15/23

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
101/2015	Formannskapet	PS	26.08.2015
	Kommunestyret	PS	

Utbygging Sagstad og Grasdal Prioritering og tilleggsfinansiering

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Våren 2013 vart det satt i gang eit arbeid med å sjå på framtidig skulestruktur i Meland kommune. I utgangspunktet vart det lyst ut eit anbod for utarbeiding av ny skulestrukturplan. Dette vart tildelt Norconsult, men grunna manglande politisk godkjenning av anbodet, vart det i staden for satt ned ei administrativ gruppe som skulle utarbeide planen, jf. FS-sak 054/13. Arbeidet til den administrative gruppa vart lagt fram i Prosjektrapport - Utgreiing av skulestruktur 2015-2018 i samband med busjetthandsaminga hausten 2014. Prosjektrapporten tok for seg ulike strukturalternativ for skulen i Meland, og skisserte aktuelle utbyggingsalternativ.

I KS-sak 078/2014 den 17.12.2014, vart det vedteke at Sagstad og Grasdal skule skulle byggast på. Det vart lagt inn midlar i økonomiplan investering for utbygging av skulane i 2015-2016. Utrekning av kostnad for utbygging var basert på kor mykje areal som ei utbygging krevde multiplisert med 30 000 kr pr m², som er omtrentleg standardkostnad for denne type utbyggingar. Dette var såleis ein enkel kostnadskalkyle som ikkje tok omsyn til bygga som heilskap, men kun såg isolert på eit foreløpig uttrykt behov for ekstra areal. Utbygging av Grasdal skule vart då kostnadsrekna til 18 mill eks mva og Sagstad vart rekna til 26 mill eks mva. Alle tal i utgreiinga er eks. mva.

Forprosjekt

Det vart i januar 2015 satt ned ei gruppe for å jobbe vidare med forprosjekt for utbyggingane, og det vart henta inn arkitekt for å utarbeide teikningar og anbodsgrunnlag. Arbeidsgruppa har bestått av arkitekt, prosjektleiar frå PUK, rektor frå Grasdal og Sagstad, verneombod frå Sagstad og Grasdal og oppsynsmann frå driftsavdelinga.

Arealanalyse

Det vart i Prosjektrapport – Utgreiing av skulestruktur 2015-2018 lagt opp til at utbyggingane av Sagstad og Grasdal burde vere siste byggetrinn på begge skulane. Bakgrunnen er at begge skulane har avgrensa uteareal for vidare utbygging. Ettersom kommunen i utgangspunktet ikkje skal gjere større endringar av skulane etter planlagte utbyggingar er gjennomført, var det no ønskeleg å sjå på korleis dei nye tilbygga kan sikre at skulebygga som heilskap vert gode bygg. For å utgreie dette vart det som ein del av forprosjektet gjennomført ei arealanalyse av begge skulane, for å undersøke korleis areala på skulane er nytta i dag, og nærare kva eit tilbygg bør tilføre av type areal.

Arealanalysa viser at både Sagstad og Grasdal ber preg av å vere bygd ut i fleire trinn med tilbygg som isolert sett dekkjer eit arealbehov, men som ikkje nødvendigvis har ført til samla gode bygg. Sagstad har mykje kommunikasjonsareal (vestibylar, ganger, garderober) medan Grasdal har veldig lite av den type areal. På Grasdal er det i dag ei stor utfordring med kommunikasjon gjennom bygget utan å forstyrre undervisning eller å måtte gå ut på skuleplassen. Det er heller ikkje nok garderobe plass for elevar og lærarar.

På bakgrunn av arealanalysa har forprosjekta gått vesentleg meir i detalj på korleis eit tilbygg bør integrerast i eksisterande bygningsmasse. Ein har søkt å løyse plassbehovet samtidig som ein har sett om det er mogeleg å utnytte eksisterande bygningsmasse betre. Dette har ført til at prosjekta har utvikla seg frå reine tilbygg til utvikling av skulane som heilskap for å skape best mogleg lærings- og arbeidsmiljø. Denne utviklinga må gjerast gjennom ombygging av delar av eksisterande skule. Hovudsakleg inneberer dette flytting av veggar og ulike funksjoner t.d. klasserom.

Eit anna moment, spesielt for Sagstad, er at ventilasjonsanlegget på det eldste byggetrinnet på skulen ikkje gir tilfredsstillande luftkvalitet. Målingar har vist at anlegget leverer for låge mengder luft i henhold til dagens krav. Anlegget bør difor skiftast ut, og det vert anbefalt at dette vert gjort samtidig med utbygginga og ombygginga elles.

Større behov for areal

Forprosjekta har vist at det er behov for større tilbygg enn det som opphavelig var tenkt i prosjektrapporten om skulestruktur. På Sagstad har det vore eit sterkt ønske om å få eit samlingslokale som kan huse mange elevar på ein gang t.d. til skuleavslutningar. I dag har ikkje skulen høve til dette, og må leige lokaler andre stader i kommunen. Sagstad har også eit større behov for auka areal til personale enn først estimert. Det er no kome skjerpa krav frå Arbeidstilsynet grunna ny arbeidstidsavtale, og det vil dermed ikkje vere mogeleg å få godkjent ei utbygging av skulane utan å sikre nok areal til personale. I tillegg har tilpasning til eksisterande bygg ført til behov for noko meir areal enn først antatt.

På Grasdal har det vore behov for fleire spesialrom. I dag er både skulekjøkken og sløydsal brukt som ordinære klasserom. Forprosjekta har difor lagt opp til at desse funksjonane vert flytta til tilbygget medan dagens rom vert omgjort til ordinære klasserom. Spezialromma er noko meir arealkrevande enn ordinære klasserom. Det er i likskap med Sagstad også behov for meir areal for personale og tilpasning til eksisterande bygg har også ført til behov for noko meir areal.

Alle løysingane som forprosjekta legg opp til fokuserer på å helde driftskostnadene nede. Det er tatt utgangspunkt i materialer som reduserer behov for vedlikehald. Nytt samlingsareal på Sagstad vil redusere behovet for å leie lokalar og dei kostnadene det medfører. Tilstrekkeleg areal til personale vil gi betre arbeidsforhold.

På Sagstad er det i dag for lite uteareal for elevane. Dette arealet vil bli enda mindre når eit tilbygg kjem på plass. Det bør snarleg settast i gang eit eige prosjekt for å sikre nok uteareal til skulen som omfattar tomtekjøp og opparbeiding av areal. Administrasjonen meiner at dette er ein sjølvstendig prosess, og det vert difor ikkje tatt med som ein del av utbyggingsprosjektet.

Kostnadskalkyle forprosjekt

På bakgrunn av den vesentlege auka i omfanget på skuleutbyggingane har også kostnadskalkyle auka betrakteleg. Det er nytta same m² pris som i Prosjektrapporten (30 000 kr), men det har kome fram nye behov som har auka omfanget av utbyggingane.

Ny kostnadskalkyle for Sagstad skule er 59,5 mill. Auka i investeringskostnaden på Sagstad har si hovudårsak i:

- Auka areal (1000 m² til 1650 m²)
- Behov for ombygging av eksisterande bygningsmasse, ca 700 m²
- Behov for nytt ventilasjonsanlegg i eks. bygg
- Leie av moduler til klasserom ol. i byggeperioden

Tilsaman er desse tilleggga kostnadsrekna til ca 26 mill. I tillegg kjem utgifter til renter, prosjektleiing og ein buffer for uforutsette kostnader

Ny kostnadskalkyle for Grasdal skule er 37,5 mill. Auka i investeringskostnaden på Grasdal har si hovudårsak i:

- Auka areal (750 m² til 1050 m²)
- Behov for ombygging av eksisterande bygningsmasse, 450 m²
- Leie av moduler til klasserom ol. i byggeperioden

Tilsaman er desse tilleggga kostnadsrekna til ca 15 mill. I tillegg kjem utgifter til renter, prosjektleiing og ein buffer for uforutsette kostnader.

Vurdering

Dei nye kostnadskalkylene for utbygginga av skulane er meir enn dobla samalikna med det som vart kalkulert med i Prosjektrapporten frå 2014. Hovudårsaken til dette er at på det tidspunktet prosjektrapporten vart utarbeidd hadde ein ikkje den kunnskapen om bygga som ein har tileigna seg i samband med forprosjektet. Det er først i forprosjektet ein har hatt tid og ekstern kompetanse til å utgreie dette. Sjølv om kostnadskalkylene er betydelege så meiner administrasjonen at dersom ein skal bygge permanent på Sagstad og Grasdal, så bør det gjerast slik forprosjekta skisserer. Når ein først investerer mange millionar, så er det først og fremst viktig at midlane vert brukt på ein måte som sikrar gode bygg, ikkje berre nok bygningsmasse.

Hovudproblemet er at ein vesentleg auke i investeringskostnaden fører til ein stor auke i avdrag og renter for kommunen. Avdrag og renter belastar driftsbudsjettet, og sjølv om renta i dag er låg, vil avdraga verte store. Summen er vanskeleg å fastsette nøyaktig. I tillegg er det usikkert korleis det nye inntektssystemet til kommunane vil bli. Rådmannen vurderer at Meland kommune per dags dato ikkje bør ta på seg ein så stor investering som forprosjekta legg opp til for både Sagstad og Grasdal skule.

Administrasjonen har vurdert forprosjekta nærare og sett på om det er noko ein bør kutta ned på i utbyggingane for å få ein lågare investeringskostnad. Dette har vist seg å vere utfordrande fordi tilbygga i forprosjekta er utforma på ein slik måte at dei er tilpassa ei ombygging av eksisterande bygningsmasse for å muliggjere tilbygget. Dette gjeld spesielt Grasdal, der eit tilbygg er avhengig av at det vert laga ein korridor gjennom eksisterande bygg, som ikkje eksisterer i dag. Tilbygget på Sagstad er også svært integrert i eksisterande bygningsmasse, og dei innsparingane man kan få ved å kutte i utbygd areal eller mengden areal som vert ombygd er svært liten. Utrekning viser at innsparingar kun vil vere på rundt 10 % av samla investeringskostnad. Det einaste alternativet som kan gi vesentlege innsparingar er å etablere modulbygg.

Det er eit stort behov for meir areal både på Sagstad og Grasdal dei næraste åra. Elevantalprognoser viser ein sterk auke i elevar på begge skulane. Dette er bakgrunnen for at begge skular vart vedtatt utbygd i desember 2014. Sagstad skulekrins omfattar store utbyggingsområder på Frekhaug og Mjåtveit, og i kommuneplanen er det satt av vesentleg meir areal for utbygging i krinsen. Det er ingen grunn til å tru at elevtalet vil gå nedover. I Grasdal skulekrins er utbygginga noko meir usikker. Vidare utbygging av bustader er avhengig av utbetring av fylkesveg 245 og Fosse-krysset.

I tillegg vil det vere tale om mindre omfang på dei aktuelle utbyggingsområda. Elevantalprognosen viser at tal barn født i 2014 i Grasdalen skulekrins er lågare enn på fleire år. Det er vanskeleg å vite om dette er byrjinga på ein nedgang eller om det berre er eit avvik frå den generelle trenden med auke i tal barn. I alle tilfeller er det faktiske utbyggingsbehovet på Grasdalen meir usikkert.

På bakgrunn av den usikre prognosa rår Rådmannen til at ein utsett utbygging på Grasdalen skule. I mellomtida må plassmangelen løysast med modulbygg. Det er spesielt dei 3 næraste åra ein ventar ein store auke i tal elevar. Ein reknar med at det vil bli behov for minimum 1 klasserom ekstra i året dei neste 3 åra, samt behov for meir areal til personale. På Grasdalen i dag er det allereie for lite klasserom og grupperom. For å sikre at eit modulbygg har tilstrekkeleg areal anbefaler administrasjonen at det vert satt av 5 mill til innkjøp av modulbygg. Dersom ein etterkvart vedtar å bygge ut Grasdalen permanent kan modulbygget seljast eller nyttast andre stader i kommunen.

Folkehelse – ikkje relevant

Miljø – ikkje relevant

Økonomi – følgjer av utgreiinga

Konklusjon

I utgangspunktet meiner Rådmannen at det er eit stort behov for utbygging på både Sagstad og Grasdalen skule. Begge skulane treng meir areal for elevar og personale. Samtidig så har forprosjekta vist at det vil innebere vesentleg høgare investeringskostnader enn først berekna for å sikre gode utbyggingar. Hovudproblemet er at ein vesentleg auke i investeringskostnaden fører til ein større auke i avdrag og renter for kommunen. Rådmannen vurderer at Meland kommune per dags dato ikkje bør ta på seg ein så stor investering som forprosjekta legg opp til for både Sagstad og Grasdalen skule. Grunna meir usikre elevantalprognoser i skulekrinsen til Grasdalen vert det anbefalt at utbygginga her vert utsett. Det bør gjerast ei ny vurdering om vidare utbygging når det nye inntektssystemet for kommunane er avklart og ein får oppdaterte elevantalprognosar. For å løyse arealbehovet i mellomtida vert det rådd til at ein kjøper inn modulbygg til Grasdalen skule med ei budsjettamme på 5 mill.

Framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner at kostnadsramma for utbygging på Sagstad skule vert auka til kr 72,4 mill. Prosjektet vert finansiert med mva. refusjon på kr 12,9 mill og kr 59,5 mill i lånemidlar. Utbygginga på Grasdalen skule vert utsatt i påvente av nye elevantalprognoser. Det vert løyvd midlar til midlertidige moduler for å dekke arealbehovet til skulen. Modulane har ei kostnadsramme på kr 6,25 mill. Prosjektet vert finansiert med mva. refusjon på kr 1,25 mill og kr 5 mill i lånemidlar.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FE - 614, TI - &55	15/2062

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
102/2015	Formannskapet	PS	26.08.2015

Sal av kommunale eigedomar

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I kommunestyret sitt vedtak i møte 17.12.2014 om budsjett 2015, var det tatt inn eit verbalpunkt om sal av kommunale eigedomar: «*Det blir lagt til grunn at det blir seld kommunale eigedomar i løpet av 2015. Inntekter frå slikt sal skal nyttast til å styrkje kapitalfondet.*»

Ved gjennomgang av eigedomsmassen har administrasjonen kome fram til tre objekt:

- Husebø gamle skule
- Fløksand kai
- Naust på Frekhaug, nedst i Havnebrekka

Ved sal av kommunale bygningar og eigedomar er det fleire høve som må vurderast. Arealbruken må vere avklart (status i kommuneplan eller reguleringsplan), eigedomstilhøve må vere avklart (eigedomsgrenser, tinglyste rettar, festeavtalar mm), standarden på bygningsmassen må vurderast, infrastrukturen må vere på plass.

I 2014 vart Vestbygd barnehage selt. I 2012 vart Sveitserhuset og naustet på Holmeknappen selt. Det har elles stadig vore selt mindre tilleggsareal til bustadtomter eller næringstomter.

Vurdering

Det er ikkje vurdert sal av bustader, då kommunen treng bustader m.a. for å busette flyktningar. Det er meir nødvendig å kjøpe enn å selje. Det er heller ikkje vurdert utskifting av bustader; ingen av dei bustadene kommunen har hand om i dag er vurdert å vere ueigna som kommunal bustad.

Nærare om Husebø gamle skule

Gnr. 54, bnr. 14, Skjelangevegen. Eigedomen ligg i LNF-område i kommuneplanen, langs fylkesveg 249. Eigedomen har eit utrekna areal på 2068 m². Bruksnamnet er «Fagerhaug», registrert bruk i matrikkelen er Samfunnshus/grendahus.

Husebø Bygdelag har fått tilbodet om å overta eigedomen, men har valt å overta Husebø Bedehus i staden. Bygdelaget har brukt skulehuset sidan 1972 og har lagt ned mykje dugnadsarbeid dei siste 40 åra. Dei ber om at kommunen tilgodeser deler av salssummen til bygdelaget.

Administrasjonen rår til at eigedomen blir selt på den frie marknaden, slik den framstår i dag og med den statusen eigedomen har i kommuneplanen. Det vil då bli opp til ny eigar å evt søkje dispensasjon for omgjerding til anna føremål. Kommunen har pr i dag utgifter til forsikring m.a.

Nærare om Fløksand Kai

Gnr. 5, bnr. 26 (sjøhuset) og 27 (kai), bruksnamn «Dampbåtbryggja» på Fløksand. Meland kommune overtok kaien frå Fløksand Bryggjelag etter kommunestyrevedtak i 1963 og -64. Det har vore småbåthamn der sidan 1971. Fløksand Marina AS har leigd området gjennom eigen avtale med kommunen nokre tiår. Kommunen si overtaking av heimelen i si tid har ikkje vore formalisert i matrikkelen, men kommunen har krevd grunnboksheimel etter tinglysingslova § 38 a. Når grunnboksheimelen er på plass kan eigedomen overførast til nye eigarar.

Formannskapet vedtok i sak 128/11 at leigeavtalen med Fløksand Marina AS vart forlenga på årleg basis fram til bruken av området var avklart i kommuneplanen.

Kommunen har 12 kommunale kaiar, i følge kommunedelplanen for kommunale vegar og kaiar. Dei fleste har hatt ei rolle i rutetrafikken til sjøs ein gong i tida. I kommuneplanen er det slått fast at kommunen treng fleire småbåthamner. Landarealet er no sett av til Kai og sjøarealet til Småbåthamn. Tilkomstvegen til området ligg på gnr. 5, bnr. 7, eigar Terje Fløysand.

Kaien treng vedlikehald, som det ikkje har vore rom for i dei kommunale budsjetta. Kommunen har ikkje hatt leigeinntekter på kaien, mot at Fløksand Marina AS skulle halde området rydda, sette krava for offentlege kaiar og vere tilgjengeleg for ålmenta. Veggrunnen er privat, men vegen får periodisk kommunalt vedlikehald. Spørsmålet er om kommunen skal halde fast ved at ålmenta skal ha tilgang. Brukarane av marinaen held stort sett til i nærområdet, det er ingen andre servicetilbod i nærleiken, ingen busshaldeplass, ingen parkeringsplass. Kapasiteten er på 23 båtplassar og anlegget har karakter av eit felles flytebryggeanlegg.

Administrasjonen rår til at Fløksand Marina AS får overta kaiområdet og kaiskuret til ein symbolsk sum, som dekkjer overdragingskostnadene. Det kommunale vedlikehaldsansvaret utgår. Anlegget vert nytta av folk i nærområdet og det virkar urimeleg å selje det på den frie marknaden. Vilåret er at anlegget blir nytta til småbåthamn som no. Kommunal forkjøpsrett bør sikrast.

Nærare om naust på Frekhaug

Gnr. 23, bnr. 31, bruksnamn «Midtstø». Eigedomen har eit utregna areal på 57 m². Eigedomen ligg nedst i Havnebrekka og er regulert til Naust i Reguleringsplanen for Frekhaug Aust, planid. 125619930624. Området bak naustet er sett av til friområde, eigd av kommunen. Alt er vist som spesialområde – vern, i lag med det gamle bygningsmiljøet. I føresegnene § 12 heiter det m.a. at «I verneområde kan det ikkje oppførast nye bygg utover utviding av eksisterande naust». Elles er det m.a. sagt at byggjestilen skal takast vare på.

I kommuneplanen inngår naustet i omsynssone kulturmiljø og kulturminne, H570_07. Den er knytt til den kulturhistoriske tilknyttinga Frekhaug har til sjøen med m.a. administrasjonsbygg, ferdsselsåre, meieri og kai. Naustet er i god stand og området rundt er rydda i samband med avlaupssaneringa som nyleg er gjennomført.

Administrasjonen rår til at naustet på Frekhaug vert selt på den frie marknaden, med nødvendig tilkomstrett.

Folkehelse: Ikkje relevant for saka.

Miljø: Ikkje relevant for saka.

Økonomi: Sal av eigedom styrkjer kapitalfondet.

Konklusjon

Administrasjonen rår til at Husebø gamle skule og naustet på Frekhaug vert selt på den frie marknaden, medan kaien og kaiskuret på Fløksand vert overført til Fløksand Marina AS for ein sum som dekkjer overdragingskostnadene.

Framlegg til vedtak:

«Formannskapet tek saka til orientering. Administrasjonen førebur sal av Husebø gamle skule og naustet på Frekhaug på vanleg måte. Ordførar godkjenner prisen. Administrasjonen førebur overføring av kaien og kaiskuret på Fløksand til Fløksand Marina AS for ein sum som dekkjer overføringskostnadene. Vilåret er at anlegget blir nytta som småbåthamn som no. Kommunal forkjopsrett skal sikrast.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FE - 614, TI - &46	15/2183

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
103/2015	Formannskapet	PS	26.08.2015

Vedlikehald av taket på Meieribygningen, Frekhaug

Vedlegg:

Bilete bruk av lokale

Bilete lekkasje

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I følge kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2015, møte 17.12.2014, skal «Mindreutgifter meieribygget (vedlikehaldsplanen)» på kr 100 000,- nyttast til inndecking av auka driftskostnader på andre tenesteområde. Vedlikehaldsbudsjett (drift) på Plan, utbygging og kommunalteknikk er derfor redusert med kr 100 000,-.

Tiltaket på meieribygningen ligg inne i handlingsplanen for 2015 (vedlikehaldsplanen for kommunale bygg), den vart godkjent av Utval for drift og utvikling i møte 02.09.2014, saksnr 81/2014. Skifte av eternittaket på meieribygningen er ein av prioriteringane, på grunn av større lekkasjar.

Administrasjonen er uroleg for konsekvensane dersom taket ikkje blir skifta og ønskjer utføre arbeidet. Meieribygningen er i full bruk av drifts- og vedlikehaldsavdelinga, til verkstad og lager. Dersom forfallet ikkje blir stoppa, må det finnast 230 m² verkstad- og lagerareal ein annan stad.

Vurdering

Kostnadene ved å kjøpe eller leige seg inn i andre lokale vil langt overstige dei midlane som trengs for å skifte taket. Med dei budsjetttrammene kommunen har i dag, er det heilt nødvendig å prioritere skifte av taket på meieribygningen framfor å kjøpe eller leige seg inn i andre lokale. Dersom drifts- og vedlikehaldsavdelinga skulle miste verkstaden og lageret, utan å ha alternative lokale, må driftsbudsjettet aukast vesentleg slik at vedlikehald og reparasjonar kan setjast ut til private verksemder, og slik at inventar og utstyr til ulike kommunale bygg og husvære kan kjøpast nytt kvar gong noko må skiftast ut eller tilpassast ulike brukarar. Med lager og verkstadfunksjonen kommunen har i dag er det rom for reparasjonar og gjenbruk, noko som er svært gunstig for det samla utgiftsnivået - i tillegg til at gjenbruk er miljøvenleg. Meieribygningen blir no også nytta som lager for hjelpemiddel, det har frigjort lagringsplass på sjukeheimen.

Reparasjon av taket bind ikkje opp moglege endra framtidig bruk av bygningen, tvert i mot. Ved ei kommunesamanslåing vil det truleg bli gjennomgang av dei ulike driftsstasjonane og andre kommunale bygningar, med tanke på endra bruk. Meieribygingen vil kunna ha stor verdi for Meland-buarane i ein slik runde.

Folkehelse: Ikkje relevant for saka

Miljø: Ikkje relevant for saka

Økonomi: Utgifter til verdibevarande vedlikehald, innafor budsjetttramma

Konklusjon

Administrasjonen rår til at taket på meieribygingen blir skifta, i tråd med den godkjente handlingsplanen for kommunale bygningar. Kommunestyret sitt budsjettvedtak er oppfylt ved at vedlikehaldsbudsjettet er redusert med kr 100 000,-.

Framlegg til vedtak:

«Formannskapet tek saka til orientering og registrerer at vedlikehaldsbudsjettet er redusert med kr 100 000,- i tråd med budsjettvedtaket.»

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Anny Bastesen	FE - 141	15/2070

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
104/2015	Formannskapet	PS	26.08.2015

Feilretting i kommuneplanen sin arealdel, kart og føresegner

Vedlegg:

Arealplan Meland kommune
Byggegrenser Beitingen-Fløksand
Byggegrenser Rosslandspollen
Feilretting føresegner

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommuneplanen sin arealdel vart godkjent av kommunestyret i siste møte før ferien, 17. juni 2015. Trass i grundig gjennomgang av alle dokumenta på førehand, er det oppdaga feil som må rettast, i plankart og føresegner. I tillegg er plan- og bygningslova (pbl) endra frå 1. juli m.o.t. tiltak som grunneigar kan setje i gang utan søknad, det har medført at pbl kap 20 har fått nye paragrafar og ny nummerering. Forsvarsbygg har peika på at ein formell feil i føresegnene i høve til heimelsgrunnlaget ikkje er retta.

Feilrettinga handlar dermed om:

- Byggegrense langs sjø i område som i første planutkast var lagt ut som spreidde byggeområde i LNF (Landbruks-, Natur- og Friluftsområde). Etter høyringsrunden vart nokre område tilbakeført til LNF, men for nokon av dei igjen vart ikkje byggegrensa tilbakeført til 100 m beltet, som i resten av kommunen. Gjeld deler av Io, deler av Vikebø / Rossland, deler av Beitingen og deler av Fløksand.
- Opplisting av eigedomar som har same status som LNF-spreidd bustad, tabell 9.1 i føresegnene. Eigedomane er plukka ut ved automatisk søk, etter visse kriterie. Vestbygd gamle skule / barnehage (gnr. 8, bnr. 5) kom ikkje med på lista pga gamal status i matrikkelen. Den må inn på lista, som eksisterande bygd eigedom i tråd med tidlegare godkjenning.
- Teksten i punkt 3.2 og tabellane 9.1 og 9.2 samsvarer ikkje m.o.t. definisjon av bustad og fritidsbustad, dette må rettast opp med nytt punkt 3.2.2 og omnummerering av etterfølgjande punkt.
- Generell endring i føresegnene, av paragraf-nr frå pbl §§ 20-1, 20-2 og 20-3 til §§ 20-3, 20-4 og 20-5. Gjeld heile dokumentet men særskilt kap. 2, der det også er nødvendig med oppdatert tekst.
- «Forskrift om militære forbudsområder i sjø» må takast inn i føresegnene pkt 3.3.2.

Vurdering

Det er meir krav til detaljering av Kommuneplanen sin arealdel no enn for 10 år sidan. Ved framstillinga av planen kan det derfor skje glippar, sjølv om innsatsen for å hindre feil har vore stor. Ved vurdering av kva som kan rettast etter kommunestyrevedtaket, legg administrasjonen vekt på at ein feil ikkje skal føre til utilsikta unntak frå eit gjennomgåande prinsipp i kommuneplanen elles. Det ville vore feil i høve til innbyggjarane pga likskapsprinsippet, og i høve til føringar frå regionale mynde.

Feilen i den byggegrensa som er teikna på plankartet må rettast slik at det er samsvar mellom kart, føresegner og planprinsipp. Feilrettinga endrar ikkje på den reelle statusen til eigedomane i dei aktuelle områda. Alle byggegrenser mot sjø blir no teikna opp slik at det er synleggjort kva som gjeld, med tydeleg samsvar mellom kart og føresegner.

Når det gjeld liste over eigedomar som har status som LNF-spreidd bustad, vil det utan tvil dukke opp spørsmål om fleire eigedomar som ikkje står på lista. I dei aller fleste tilfella er lista rett, dvs eigedomen skal ikkje ha status som spreidd bustad - den kan t.d. vere ubygd frå før. Når det gjeld Vestbygd gamle skule / barnehage (gnr. 8, bnr. 5), er den eigedomen bygd frå før og gjort om frå LNF til bustad gjennom eige dispensasjonsvedtak. Å tilbakeføre den til LNF, som i praksis vil skje dersom den ikkje kjem inn på lista i tabell 9.1 i føresegnene, er feil. Feilrettinga endrer ikkje på den reelle statusen til eigedomen.

Endringar av paragraf-nemningane og presisering av definisjonar i kap 2 og 3 er ein rein formalitet. Endringa medfører ikkje at eigedomstatus eller prinsipp for arealbruk blir endra.

Endringa i § 3.3.2 slik at omsynet til kaste- og låssettingsplass ikkje går føre bestemmelsane i gjeldande «Forskrift om militære forbudsområder i sjø» er ein rein formalitet. Kommuneplanen kan ikkje innehalde ugyldige reglar.

Forsvarsbygg meiner elles at omsynssone H190_2 Heggerneset ikkje er nemnt, men det er feil. Omsynssona inngår i føresegnene pkt 4.1.1 og er utforma slik at det forsvaret sitt regelverk som gjeld.

Folkehelse: Ikkje relevant for saka

Miljø: Ikkje relevant for saka

Økonomi: Ikkje relevant for saka

Konklusjon

Det er ikkje kurant å utan vidare endre plankart og føresegner etter at kommunestyret har gjort eit planvedtak, sjølv om feilrettingane er av planteknisk karakter. Saka vert derfor for ordens skuld lagt fram for formannskapet til godkjenning. Formannskapet har delegert mynde frå kommunestyret til å gjere mindre endringar i kommuneplanen sin arealdel, gjennom kommunestyrevedtak 24.06.2009, endra delegasjonsreglement.

Endringane er vist i plankartet for Io, Vikebø/Rosslund og Fløksand. I føresegnene er endringane vist i tabell 9.1 på gnr. 8. Vidare er § 3.3.2 retta m.o.t. regelverket for Forsvaret, og elles er alle kapitla retta med paragrafar og tekst som stemmer med dei siste endringane i plan- og bygningslova når det gjeld byggesaksbehandlinga, særleg punkt 2.1.1 og kap. 3.2. Forsvaret har stadfesta at den foreslåtte endringa fangar opp feilen dei har påpeika.

Endringane har rein teknisk karakter og krev ikkje høyring eller varsling, ingen formelle statusar blir endra.

Framlegg til vedtak:

«Formannskapet godkjenner at plankart og føresegner til kommuneplanen sin arealdel blir retta i tråd med saksutgreiinga og som vist på vedlegg til denne saka. Plandokumenta får godkjentdato som kommunestyrevedtaket 17.06.2015 og revisjonsdato 26.08.2015.»